

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 02.11.2006 **Tid:** 17.00-21.40.

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 20 , inkl. 3 varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**

Liv Berit Khadoor  
Frode Bjørnås  
Arne Jørgensen  
Audhild Olsnes

**I staden møtte:**

Jan Ove Haga  
Harald Jørgensen  
Helga Nygård

**Andre som var tilstade på møtet:** Kulturkonsulent Tysseland under sak 19/06.

Sakshandsamar Magda Haugen under sak 20/06. Adm.sjef og ass.adm.sjef under heile møtet.

**Merknader:**

Inge Aasgaard fekk fritak frå møtet kl. 21.10 før vedtaksrøystinga av sak 24/06

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 6. november 2006

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Jon Magne Bøgevik stilte spørsmål til uttale på innføring av piggdekkavgift i Bergen kommune som var sett opp under skriv og meldingar i innkallinga burde vore handsama som eiga sak. Spørsmålet vart drøfta og kommunestyret slutta seg til å setje den opp på saklista. Innkalling og saklista med tilleggsak 23/06 og 24/06 vart godkjent.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjent

**VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:**

Olaug Øystese, Idar Reistad og Marit Aase vart valt til å skriva under protokollen.

**UTVALET SITT KVARTER:**

Helga Nygård stilte spørsmål om Os kommune har kapasitet til å selje PP-tenester til Samnanger kommune. Administrasjonssjefen orienterte om at Os sine kapasitetsproblem går på fysiske tilhøve og behov for auka kontorlokale i samband med innføring av NAV-reforma. PP-tenesta er knytt til rettar i Opplæringslova. Foreldre med barn i skule og barnehage som treng informasjon om dette får dette på skulen / barnehagen eller dei kan ta kontakt med kommuneadministrasjonen. Problemstillingar og spørsmål som gjeld helse eller psykiatri skal rettast til helsetenesta.

Nils Gåsdaal las frå historisk skrift om Ous Prestegjeld:

”Det vart kjøpt og tilskipa ein vakker protokoll for dette møtet, ”Møtebok for 100 års heradstyremøte 2dre oktober 1937”. Alt som gjekk fyre seg på møtet vert innskrive i denne boki, og gjestene ”skreiv under denne møteboki” fyrr dei gjekk. I alt skreiv 233 medlemmer av hundradårs heradstyremøtet namnet sitt i møteboki. Boki skal gjøymast til neste 100 års høgtid og lesast upp den 2dre oktober anno 2037.”

Han stilte deretter spørsmål til ordføraren om det er mogleg å oppspore protokoll frå 100-årsmarkeringa for det første kommunestyreval i Ous prestegjeld i 1937.

Ordføraren svara at ho i samråd med kulturkonsulenten vil freista å finna dette historiske dokumentet.

Jon Magne Bøgevik spurde korleis det gjekk med budsjettarbeidet for 2007. Det vart svara at adm.sjefen ville gje ei kort orientering like etter møtet i samband med at budsjettframlegget ville verta delt ut.

Inge Aasgaard orienterte som leiar av ad hoc - gruppa for vidare utbygging av breiband i Samnanger. Det er no inngått avtale med Kvamnett om utbygging i område som tidlegare ikkje hadde breiband. I løpet av januar skal Eikedalen, Trengereidfjorden, Utskot og Rolvsvåg koplatt opp mot breiband. Utbygginga kostar kr. 390.000 ekskl. MVA og hytteutbyggjarane i Eikedalen har vore med å delfinansiere utbygginga der.

Sture Tveit fremja ynskje om at me og i Samnanger må kunna få noko meir informasjon og eksakte tal knytt til skatteinngang. Han viste til uttalar i andre kommunar og til oppslag i BT.

Adm.sjefen svare at sjølv om me no har prosenttalet og kronebeløpet for skatteauken, er det like fullt så usikkert kor mykje kommunen faktisk sit att med til slutt når omfordelinga kommunane imellom er avslutta.

#### **MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Fellestenesta ønskjer at leiarane i arbeidsgruppene for kommuneplanarbeidet sender inn oversiktliste av møte og deltakarar, slik at kommunen kan betale ut møtegodtgjersle.

Ordføraren orienterte om at det vert møte med regionvegsjef Torpp om tunnelprosjektet bak ytre Tysse 11. des. Møtet vert ilag med Fusa og Kvinnherad.

Ordføraren gav og ei kort oppsummering av korleis småkraftprosjektet vert presentert i haust.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0019/06	06/00234 <b>NOU 2006: 2 STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA. UTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE</b>
0020/06	05/00316 <b>TEKSTDEL - KOMMUNEPLAN 2007 - 2017 - MÅL OG DELMÅL</b>
0021/06	06/00426 <b>POLITISK ORGANISERING VALPERIODEN 2007 - 2011</b>
0022/06	06/00370 <b>SAL AV KONSESJONSKRAFT - DISPONERING AV MEIRINNTEKTER 2006</b>
0023/06	05/00170 <b>REHABILITERING SKULEBYGG UNDER ORDNINGA MED RENTEKOMPENSASJON ENDRING AV FINANSIERING</b>
0024/06	06/00488 <b>UTTALE - INNFØRING AV PIGGDEKKGEBYR I BERGEN KOMMUNE.</b>

0019/06

**NOU 2006: 2 STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA.  
UTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE**

**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune stør fleirtalet på 14 i stat og kyrkjeutvalet som rår til eit skilje mellom stat og kyrkje forankra i ei rammelov.

**Handsaming i møte:**

Nils Gåsdal sette fram følgjande framlegg; ” Kommunen meiner at dagens statskyrkjeordning best sikrar at den Norske kyrkja er der for alle som ønskjer det og er den ordninga som best sikrar ein tilstrekkeleg låg terskel til at alle kan kjenna seg heime i kyrkja uansett kor stort dei engasjerar seg. Eventuelle tilpassingar kan og gjerast innan dagens ordning.”

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. Gåsdal fekk 15 røyster og framlegget vart vedteke mot 5 røyster som røysta for tilrådinga frå Oppvekst og omsorg.

**Vedtak:**

Kommunen meiner at dagens statskyrkjeordning best sikrar at den Norske kyrkja er der for alle som ønskjer det og er den ordninga som best sikrar ein tilstrekkeleg låg terskel til at alle kan kjenna seg heime i kyrkja uansett kor stort dei engasjerar seg. Eventuelle tilpassingar kan og gjerast innan dagens ordning.

0020/06

**TEKSTDEL - KOMMUNEPLAN 2007 - 2017 - MÅL OG DELMÅL**

**Framlegg til vedtak::**

**Handsaming i møte:**

Saka vart debatert.

Helga Nygård bad om gruppemøte før kommunestyret fatta vedtak.

Møtet vart mellombels heva.

Marit Aase (Krf) sette fram følgjande tilleggsframlegg;

1.”pkt. 2. Fokusera på haldningsskapande arbeid om det å vera internasjonal kommune.”

Bright Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande tilleggsframlegg til pkt kommuneorganisasjonen;

1. ”Nytt delmål, 4. dråpepunkt – verta god på beredskap.”

Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande tilleggsframlegg;

1. Infrastruktur –Tiltak, Punktet ”Arbeide for at Arna-tunnelen vert realisert ” går ut.

2. Nytt pkt: Samnanger kommune er positiv til bygging av høgfartsbarne Bergen-Oslo.

3. Bustad – Tiltak: Samnanger kommune skal vera pådrivar for at det vert teke i bruk energiløysingar som vert gode for miljøet.
4. Kommuneorganisasjonen –hovudmål: Samnanger kommune skal vera ein funksjonell og handlekraftig organisasjon.
5. Marknadsføring –tiltak: Gjera kommunen si heimesida endå betre.

Idar Reistad (Bgl) sette fram følgjande tilleggsframlegg;

1. Infrastruktur – under kulepkt: arbeida for at kollektivtilbodet vert betre.  
Nytt kulepkt. Arbeid for at Arna vert kollektiv knutepkt.
2. Bustad –nytt kulepkt. Kommunen skal vera pådrivar overfor private aktørar som vil byggja ut bustadområde i samsvar med kommuneplanen.

**Det vart røysta over følgjande tilleggsframlegg:**

Øyvind Røen sine framlegg;

- Pkt. 1 fekk 6 røyster og vart ikkje vedteke.  
 Pkt 2 vart samrøystes vedteke.  
 Pkt 3 fekk 19 røyster og vedteke  
 Pkt 4 fekk 19 røyster  
 Pkt 5 vart samrøystes vedteke

Brigt Olav Gåsdal sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Idar Reistad sine framlegg;

- Pkt 1 vart samrøystes vedteke  
 Pkt 2 fekk 19 røyster og vedteke

Marit Aase sitt framlegg fekk 19 røyster og vart vedteke

Til slutt vart det røysta over framlegg til mål og delmål i kommuneplanen slik dei ligg føre datert 25.10.06 og dei vedtekne tilleggsframlegg.

Planen vart samrøystes vedteken.

**Vedtak:**

Mål og delmål i kommuneplanen er som dei ligg føre med følgjande tilleggsendingar;

- Pkt. 2. Fokusera på haldningsskapande arbeid om det å vera internasjonal kommune.
- Nytt delmål, 4. dråpepunkt – verta god på beredskap
- Nytt pkt: Samnanger kommune er positiv til bygging av høgfartsbarne Bergen-Oslo.
- Bustad – Tiltak: Samnanger kommune skal vera pådrivar for at det vert teke i bruk energiløysingar som vert gode for miljøet.
- Kommuneorganisasjonen –hovudmål: Samnanger kommune skal vera ein funksjonell og handlekraftig organisasjon.
- Marknadsføring –tiltak: Gjera kommunen si heimesida endå betre.
- Infrastruktur – under kulepkt: arbeida for at kollektivtilbodet vert betre.  
Nytt kulepkt. Arbeid for at Arna vert kollektiv knutepkt.
- Bustad –nytt kulepkt. Kommunen skal vera pådrivar overfor private aktørar som vil byggja ut bustadområde i samsvar med kommuneplanen.

0021/06

## **POLITISK ORGANISERING VALPERIODEN 2007 - 2011**

### **Framlegg til vedtak::**

#### **Handsaming i møte:**

Saka vart debatert.

Helge Reistad bad om gruppe møte

John Magne Bøgevik (Frp) sette fram følgjande framlegg:

”Pkt 1. Det skal vere direkteval på ordførar i valperioden 2007-2011.

Pkt 2. Politisk organisering, 21 representantar i kommunestyret. PØ –5 medlemmer, forvaltningsstyre 7 medlemmer (OO og NAT), kontrollutval – 2 frå kommunestyret.”

Bright Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg:

”Pkt 1. Samnanger kommunestyre held fram med 21 medlemmer etter kommunevalet 2007.

Hovudutvalsstrukturen vert som no med gjennomgåande representasjon og 3 hovudutval (PØ,OO og naturutval).

Pkt 2. Kommunen ønskjer ikkje ta del i forsøksordninga med direkte val av ordførar.”

Nils Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg:

”I løpet av våren 2007 bør kommunestyret ta opp delegasjonsreglementet og eventuelt setje ned eit ad hoc utval til å gjennomgå reglementet og koma med framlegg til endringar.”

Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande framlegg:

”Administrasjonen legg til rette for ein gjennomgang av organisasjonen etter valet i 2007””

#### **Det vart røysta som følgjer;**

Det vart røysta alternativt over Bøgevik sitt pkt 1. og B.O.Gåsdal sitt pkt. 2. Gåsdal sitt framlegg vart vedteke med 18 røyster og mot 2 røyster på Bøgevik.

Deretter vart det røysta alternativt over Bøgevik sitt framlegg pkt 2. og B.O. Gåsdal sitt pkt.

1. Gåsdal sitt framlegg fekk 18 røyster og vedteke. Bøgevik sitt framlegg fekk 2 røyster.

Det vart røysta over framlegget til N.Gåsdal som vart vedteke med 16 røyster.

Til slutt vart det røysta over Røen sitt framlegg, som fekk 4 røyster og vart ikkje vedteke.

#### **Vedtak:**

Samanger kommunestyre held fram med 21 medlemmer etter kommunevalet 2007.

Hovudutvalsstrukturen vert som no med gjennomgåande representasjon og 3 hovudutval (PØ,OO og naturutval).

Kommunen ønskjer ikkje ta del i forsøksordninga med direkte val av ordførar.”

I løpet av våren 2007 bør kommunestyret ta opp delegasjonsreglementet og eventuelt setje ned eit ad hoc utval til å gjennomgå reglementet og koma med framlegg til endringar.

0022/06

### **SAL AV KONSESJONSKRAFT - DISPONERING AV MEIRINNTEKTER 2006**

#### **Framlegg til vedtak::**

Meirinntekter på kr 2mill. kroner frå sal av konsesjonskraft på konto nr. 1.1400.3200 vert sett av på disposisjonsfondet.

#### **Handsaming i møte:**

John Magne Bogevik (Frp) sette fram følgjande framlegg:

”Kr. 1.000.000 frå sal av konsesjonskraft vert tilført disposisjonsfondet.

Kr. 1.000.000 frå sal av konsesjonskraft vert tilført næringsfondet”

Det var røysta over framlegg til vedtak og Bogevik sitt framlegg.

Bogevik sitt framlegg fall med 2 mot 18 røyster.

#### **Vedtak:**

Meirinntekter på kr 2mill. kroner frå sal av konsesjonskraft på konto nr. 1.1400.3200 vert sett av på disposisjonsfondet.

0023/06

### **REHABILITERING SKULEBYGG UNDER ORDNINGA MED RENTEKOMPENSASJON - ENDRING AV FINANSIERING**

#### **Framlegg til vedtak::**

Tidlegare vedtak om rentekompensasjon vert oppheva.

All rentekompensasjon til Samnanger kommune vert knytt til rehabilitering symjehall.

#### **Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Tidlegare vedtak om rentekompensasjon vert oppheva.

All rentekompensasjon til Samnanger kommune vert knytt til rehabilitering symjehall.



0024/06

## UTTALE - INNFORING AV PIGGDEKKGEBYR I BERGEN KOMMUNE.

### Framlegg til vedtak.:

#### **Handsaming i møte:**

Brigt Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg:

” Samnanger kommune er usamde i måten ordninga med piggdekkavgift i Bergen vart innført på. I ei sak som har så stor innverknad for innbyggjarane i nabokommunane burde omengskommunane fått mykje betre høve til å gje innspel og verte høyrde vedrørande vedtektene for ordninga.

Samnanger kommune meiner at miljøvinsten kunne blitt større dersom yttergrensene for ordning (med piggdekkavgift) vart endra noko. T.d bør det vera avgiftsfritt å køyra til Arna stasjon for å kanalisera trafikken til toget (kollektivtrafikk) for dei som kjem austanifrå, Osterøy – Vaksdal – Samnanger. Samnanger kommune vil oppmoda bystyret til å vurdera å endra vedtektene til fordel for våre synspunkt ved første praktiske høve.”

Idar Reistad (Bgl) sette fram følgjande framlegg: ” Inntektene som skal tilbakeførast til betre vintervedlikehald i komande sesong må koma nabokommunar til gode.”

Vidar Rolland (Bgl) sette fram følgjande framlegg:” Det må opprettast ei ”frisone” aust for Kvisti bru. Dette for å sikre gebyr fri trafikk frå Osterøy mot aust, samt eit gebyrfritt alternativ mellom kommunane i Samnanger og Vaksdal. Grensa for frisona settast til avkøyring E-16 – avkøyring til/om Garnes.”

Sigmund Dyrhovden (Krf) sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune stør Bergen kommune i innføringa av piggdekkavgift for å betra luftkvaliteten i sentrum. For Samnanger kommune sin del kunne det vera meir naturleg at piggdekkavgifta vert innført i Indre Arna. Piggdekkavgifta i Indre Arna kan gjera til at fleire vil nytta kollektivtilbod inn til sentrum av Bergen.”

Det vart bede om ein pause slik at ein kunne drøfta om deler av framlegga kunne samanflettast. Dyrhovden sitt framlegg vart samanfletta med Gåsdal sitt og punkta med A. Gåsdal sitt framlegg vart vidare punkta med B og C, Reistad sitt med D og Rolland sitt med E.

Inge Aasgaard bad om å få gå frå møtet og fekk fritak frå kl. 21.10

#### Røysting:

Det vart først røysta over framlegget til Gåsdal/ Dyrhovden pkt. A og B, vedteke med 19 røyster.

Detter vart det røysta alternativt over framlegget til Gåsdal pkt C og Rolland sitt framlegg. Gåsdal sitt framlegg vart vedteke med 18 røyster og Rolland sitt 1 røyst.

Til slutt vart det røysta over framlegget til Reistad som vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

A. Samnanger kommune stør i prinsippet Bergen kommune i innføring av piggdekkavgift for å betre luftkvaliteten i sentrum.

B. Samnanger kommune er usamde i måten ordninga med piggdekkavgift i Bergen vart innført på. I ei sak som har så stor innverknad for innbyggjarane i nabokommunane burde omengskommunane fått mykje betre høve til å gje innspel og verte høyrde vedrørande vedtektene for ordninga.

C. Samnanger kommune meiner at miljøvinsten kunne blitt større dersom yttergrensene for ordning (med piggdekkavgift) vart endra noko. T.d bør det vera avgiftsfritt å køyra til Arna stasjon for å kanalisera trafikken til toget (kollektivtrafikk) for dei som kjem austanifrå, Osterøy – Vaksdal – Samnanger. Samnanger kommune vil oppmoda bystyret til å vurderer å endra vedtektene til fordel for våre synspunkt ved første praktiske høve.”

D. Inntektene som skal tilbakeførast til betre vintervedlikehald i komande sesong må koma nabokommar til gode.